



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 06.12.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 15:00 - 17:50

Møtet vart styrt av utvalsleiar Mabel Johansen, H.
Medlemmane var innkalla i skriv d. 28.11.2016.

Møtet starta med eit "mini-seminar" der sektorsjef teknisk Anny Bastesen orienterte om samarbeid og rolledeling mellom administrasjon og politikarar, og om delegasjonsreglementet. Deretter orienterte juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Tore Johan Erstad om forvaltning, habilitet og partsrettigheter. Han orienterte dessutan om søknader om dispensasjonar i 2016 og resultatane av desse.

Møtet vart sett for handsaming av utvalssaker kl 16.10.

Sak 87/2016 vart handsama før sak 86/2016.

Utvalet hadde pause frå kl 16.50-17.00.

Ordførar Øyvind Oddekalv tok del i møtet.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Rolf Hansen	AP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Larsen	AP
Rune Lekven Skår	SP
Åse Nina Sudmann	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen, juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Tore Johan Erstad, juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Marianne Aadland Sandvik og byggjesakskonsulent Merethe Tvedt.

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling
08.12.2016

Mabel Johansen
Leiar

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
78/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
79/2016	Godkjenning av møtebok frå møte 25.10.2016.
80/2016	Referatsaker
81/2016	Delegerte saker
82/2016	Klage over dispensasjonsvedtak - Flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet
83/2016	GBNR 18/36 - Sagstad - Klage på løyve - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad
84/2016	Reguleringsplan for Øvre Holsbergstien - 1- gongs handsaming
85/2016	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - for frådeling av parsell med påståande fritidsbustad på Skjelanger, gbnr 55/31.
86/2016	Aktuelle saker
87/2016	Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 52/7 Kårbø i Meland

78/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 78/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

79/2016: Godkjenning av møtebok frå møte 25.10.2016.

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 79/2016 VEDTAK:

Møtebok frå møte 25.10.2016 vert godkjent.

80/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

RS 80/2016.5 - møteplan 1. halvår 2017. Utvalsleiar Mabel Johansen ba medlemmane kontakte administrasjonen om det var merknader til oppsett møteplan.

UDU - 80/2016 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

81/2016: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 81/2016 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

82/2016: Klage over dispensasjonsvedtak - Flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klagen frå Fylkesmannen i Hordaland og naboar ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 5.9.2016, sak 58/2016, blir omgjort eller endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følge.

Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka blir send Fylkesmannen i Hordaland for vidare klagehandsaming.»

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

På spørsmål frå Karina Garnes Reigstad, MDG, orienterte administrasjonen om i kva i saker utvalet kan gje dispensasjon.

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 8 røyster, for 1 i mot (MDG) og er såleis vedteke.

UDU - 82/2016 VEDTAK:

- mot 1 røyst (MDG)

"Utval for drift og utvikling finn at klagen frå Fylkesmannen i Hordaland og naboar ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 5.9.2016, sak 58/2016, blir omgjort eller endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følge.

Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka blir send Fylkesmannen i Hordaland for vidare klagehandsaming.»

83/2016: GBNR 18/36 - Sagstad - Klage på løyve - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling tek klagen frå Statens vegvesen til følge. Utval for drift og utvikling opphevar vedtak datert 25.10.2016, saksnr. 67/2016, og avslår søknad om dispensasjon frå Reguleringsplan for Solhaug for oppføring av tremannsbustad på gbnr. 18/36, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.»

Alternativt framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje Statens vegvesen si klage til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Statens vegvesen si klage inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 25.10.2016, saksnr. 67/2016, vert omgjort. Vedtaket vert oppretthalde.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Henriette Fennelly, FrP, kom med følgjande tillegg til alternativt framlegg til vedtak:

"UDU gjentek argument frå opprinneleg vedtak:

- Reguleringsplan er frå 2008, og etter den tid er ny kommuneplan vedtatt. Den ivaretek dette område og legg opp til fortetning av område.
- Gang- og sykkelveg er tilstades og vert i dag nytta av skoleelever frå 1-7 klasse.

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå administrasjonen 0 røyster for, 9 i mot og fall.

Alternativt framlegg til vedtak frå administrasjonen med tillegg frå Henriette Fennelly, FrP, fekk 9 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.

UDU - 83/2016 VEDTAK:

"Utval for drift og utvikling tek ikkje Statens vegvesen si klage til følge. Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at Statens vegvesen si klage inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjonsvedtaket av 25.10.2016, saksnr. 67/2016, vert omgjort. Vedtaket vert oppretthalde.

UDU gjentek argument frå opprinneleg vedtak:

- Reguleringsplan er frå 2008, og etter den tid er ny kommuneplan vedtatt. Den ivaretek dette område og legg opp til fortetning av område.
- Gang- og sykkelveg er tilstades og vert i dag nytta av skoleelever frå 1-7 klasse.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

84/2016: Reguleringsplan for Øvre Holsbergstien - 1- gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

« I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Holsbergstien, gnr.10, bnr. 40 m.fl. Planid 125620140001, vist på plankart sist datert 15.11.16 , med tilhøyrande føresegner datert 18.11.16.

Utval for drift og utvikling ber om at det fram mot 2. gongs behandling av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

- Det må gjerast nærare greie for korleis best mogleg massebalanse skal kunne oppnåast innafor planområdet jf. føresegnene § 2.4 pkt. 8. Vidare må det gjerast ei vurdering på korleis eit eventuelt masseoverskot/-underskot skal handterast slik at det fører til minst mogleg ulempe for lokalmiljøet.
- Det vert tilrådd å vurdere endra plassering/løysing av sandleikeklassen sørvest for hus 3, som gjer denne tilgjengeleg utan trappeløysing.
- Det vert tilrådd å vurdere endra plassering av sandleikeplassar for hus 6, 7 og 8 (BKS5 og BKS6)
- Det må sikrast og gjerast greie for at bilar kan passere kvarandre på møteplassar langs vegen, og at det er tilstrekkeleg sikt mellom møteplassane.
- Det vert tilrådd å leggje til rette for ein snarveg mellom hus 1 og hus 2

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Felleshus framlegg frå Mabel Johansen

Vellag / grendalag/bygdslag er en fantastisk arena for å arbeide med lokalsamfunnsutvikling, med nærmiljøet, boområdene – de fleste beboerne i Meland er medlem i et vellag.

Det dreier seg om at nærmiljøet skal være et godt sted å bo og vokse opp, drive aktiviteter, ha gode naboer, ha det pent rundt seg, passe på hverandre, hjelpe hverandre osv

Der skal en bo store deler av sitt liv, kanskje hele livet, og neste generasjon bli bosatt.

Kjernen i vellagene/grendalagene/bygdslagene er de voksne – foreldrene og besteforeldrene

Det er viktig for barn og unge at foreldre og besteforeldre kjenner hverandre og har noe sammen og er synlige sammen. Det skaper trygghet.

Mange etablerte velforeninger opplever mangel på felleshus til ulike aktiviteter for barn, unge, foreldre og besteforeldre. Slike felleshus er vanskelig å etablere i etterkant av at boligområdet er ferdig, både med hensyn på økonomi og egnet plassering.

Forslag:

Fram til 2.gang behandling jobbes det med å

1. Vedtektsfeste at det etableres en velforening for Øvre Holsbergstien.
2. Etablere et felleshus som en del av felles infrastruktur.

Boliger for lavinntekshushold framlegg frå Mabel Johansen

Det er behov for å integrere lavinntektshusholdninger i nye boligprosjekter. Dette kan f.eks. gjøres ved å benytte plan- og bygningslovens paragraf 17 med sikte på å kunne inngå utbyggingsavtale som sikrer at en viss andel av boligene til lavinntektshusholdninger.

Fram til 2.gang behandling vurdere det med å:

1. Vurdere å inngå utbyggingsavtale som sikrer at en viss andel av boligene til lavinntektshusholdninger, med hjemmel i Pbl. Paragraf 17.

Utvalsleiar Mabel Johansen, H, melde frå om at ho har to tilleggsframlegg til vedtaket og ville halde eit innlegg om dette.

Tormod Skurtveit, AP, overtok som møteleiar medan Mabel Johansen holdt innlegga.

Etter diskusjon i utvalet trekte Mabel Johansen, H, tilleggsframlegg 1 vedk fellehus.

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå administrasjonen 9 røyster for, 0 i mot og er samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg 2 frå Mabel Johansen, H, fekk 9 røyster for, 0 i mot og er samrøystes vedteke.

UDU - 84/2016 VEDTAK:

« I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Holsbergstien, gnr.10, bnr. 40 m.fl. Planid 125620140001, vist på plankart sist datert 15.11.16 , med tilhøyrande føresegner datert 18.11.16.

Utval for drift og utvikling ber om at det fram mot 2. gongs behandling av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

- Det må gjerast nærare greie for korleis best mogleg massebalanse skal kunne oppnåast innafor planområdet jf. føresegnene § 2.4 pkt. 8. Vidare må det gjerast ei vurdering på korleis eit eventuelt masseoverskot/-underskot skal handterast slik at det fører til minst mogleg ulempe for lokalmiljøet.
- Det vert tilrådd å vurdere endra plassering/løysing av sandleikeplassen sørvest for hus 3, som gjer denne tilgjengeleg utan trappeløysing.
- Det vert tilrådd å vurdere endra plassering av sandleikeplassar for hus 6, 7 og 8 (BKS5 og BKS6)
- Det må sikrast og gjerast greie for at bilar kan passere kvarandre på møteplassar langs vegen, og at det er tilstrekkeleg sikt mellom møteplassane.
- Det vert tilrådd å leggje til rette for ein snarveg mellom hus 1 og hus 2

Det er behov for å integrere lavinntektshushaldningar i nye bustadprosjekt. Dette kan f.eks. gjerast ved å nytte plan- og bygningslovas paragraf 17 med sikte på å kunne inngå utbyggingsavtale som sikrer at ein viss del av bustadane til lavinntektshushaldningar.

Fram til 2.gang behandling vurderer det med å:

1. Vurdere å inngå utbyggingsavtale som sikrer at ein viss del av bustadane til lavinntektshushaldningar, med heimel i Pbl. Paragraf 17."

85/2016: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - for frådeling av parsell med påståande fritidsbustad på Skjelanger, gbnr 55/31.

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i Plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel, for frådeling av parsell med fritidsbustad frå gbnr 55/31, jf. søknad og situasjonskart journalført motteke 26.10.2016.

Utval for drift og utvikling samtykker til frådeling med heimel i jordlova § 12.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter Pbl. Kap. 20.

Det vert stilt følgjande vilkår:

Ny parsell må sikrast naudsynte rettar for framføring og bruk av veg, vass- og avlaupsnett over framand grunn.

Eigedommen må stetta vilkår sett i KPA føresegn 1.6.14 ved frådeling av tiltaket.»

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 85/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i Plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel, for frådeling av parsell med fritidsbustad frå gbnr 55/31, jf. søknad og situasjonskart journalført motteke 26.10.2016.

Utval for drift og utvikling samtykker til frådeling med heimel i jordlova § 12.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter Pbl. Kap. 20.

Det vert stilt følgjande vilkår:

Ny parsell må sikrast naudsynte rettar for framføring og bruk av veg, vass- og avlaupsnett over framand grunn.

Eigedommen må stetta vilkår sett i KPA føresegn 1.6.14 ved frådeling av tiltaket.»

86/2016: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 86/2016 VEDTAK:

Erling Rønnestad, Krf etterspurte status i planprosessen veg Fosse-Litlebergen. Administrasjonen orienterte om at vegvesenet har bede om oppstartsmøte for planlegging/regulering av området.

87/2016: Søknad om konsesjon for overtaking av GBNR 52/7 Kårbø i Meland

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gjev med dette konsesjon til Rune Nilsen og Maria Giselia Nilsen for overtaking av gnr. 52 bnr. 7 på Kårbø i Meland kommune, med heimel i konsesjonslovas §§ 2, 9 og 11.

Den avtala kjøpesummen er på kr 3 000 000,-.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.»

06.12.2016 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 87/2016 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gjev med dette konsesjon til Rune Nilsen og Maria Giselia Nilsen for overtaking av gnr. 52 bnr. 7 på Kårbø i Meland kommune, med heimel i konsesjonslovas §§ 2, 9 og 11.

Den avtala kjøpesummen er på kr 3 000 000,-.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.»
